

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

**RS 65/15 Nye busskontraktar for Hardanger/Voss. Pål Kårbø** gjorde framlegg om at denne meldinga vart handsama som sak.

Samferdselsutvalet slutta seg til dette.

**Pål Kårbø** sette fram fylgjande fellesforslag

SAMU bed fylkesrådmannen leggje fram for politisk handsaming ulike alternativ som gjer at tenestetilbodet på linje 766 Rosendal-Matre-Åkra vert oppretthalde

### **Vedtak**

Utvalet slutta seg samrøystes til.

**RS 69/15. Miljøferjer. Atle Kvåle** sette fram forslag om at det vert lagt fram sak om dette i løpet av hausten 2015.

Utvalet slutta seg samrøystes til.

**RS 67/15. Masfjordbrua - statusmelding. Pål Kårbø** etterlyste oppfølging av dette prosjektet.

**RS 66/15. Orientering om stans i utvikling av nettbutikk-løysing for kollektivreisande. Einar Lutro** stilte spørsmål om kva ein skal gjera i distrikta når internettløysinga vert terminert,- er det framhaldande kontantbetaling eller andre former for betaling.

Oddmund Sylta orienterte om at ein er i gong med å vurdera ulike alternativ som vil sikra smidige betalingsløyser i heile fylket.